

Beredskapsplan Frøyland skule rødt nivå

I arbeid med denne planen har me heile tida hatt barns beste i fokus. Elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø der me legg til rette for god psykisk og fysisk helse. Elevane skal ha eit pedagogisk forsvarleg tilbod samt trygge rammer jmf smitteverntiltak.

Til grunn for utarbeiding av planen ligg Trafikklysmodellen:

Rødt nivå	Tiltak:
	Ingen sjuke skal møta på skulen
	God hygiene
	Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)
	Del elevar inn i mindre kohortar
	Faste lærar til kvar kohort så langt det er mogleg
	Same kohortar i skule som SFO blir tilstreba
	Tilstreba (På rødt nivå må avstand på dei eldste sikrast)avstand mellom elevar/ansatte
	Unngå trengsel og store samlingar
	Ha eigne områder i skulegarden for ulike klassar/kohortar i pauser/friminutt for å minska kontakt mellom ulike kohortar
	Vurdera alternativ oppmøtetid for elevar.

I veiledar for smittevern utgitt av Utdanningsdirektoratet under punktet Redusert kontakt mellom personar, «En fast gruppe med elever og ansatte kalles en kohort og på skole/SFO vil slike kohorter være et godt utgangspunkt for smittebegrensning og eventuell sporing av smitte. En kohort kan for eksempel ta utgangspunkt i skolens eksisterende klasseinndeling og norm for lærertetthet (15 elever per lærer på 1.-4. årstrinn, og 20 elever pr lærer for 5.-7.trinn). Innen en kohort kan elever og ansatte omgås og leke sammen. To kohorter kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skoledagen, men samarbeidet skal fortrinnsvis foregå utendørs.»

På Frøyland skule vil det i praksis bety at ein så langt det lar seg gjer me held på den ordinære gruppeinndelinga. Kvar klasse ein kohort.

Me har eit trinn i kvar sin fløy med eigne inngangar/garderobar/toalett.

Uteområdet vil bli delt inn i sonar, kvart trinn/kohort har sitt faste uteområde. Der skal dei opphalde seg i alle friminutt og før skulestart. Me har ein rulleringsplan for sone i uteområde, slik at elevane får nytta heile skulegarden i løpet av to veker.

SFO har per 01.08.20 omlag 90 brukarar. Dei vert 10 kohortar, med smittevernretningslinjer. Mat vart laga av voksen og følgjer rutinar for handvask og avstand i leiken.

Diverse informasjon:

- Føresette har ikkje lov å kome inn på kohorten. Elevane må evt leverast ute i sonen sin.
- Første skuledag fordeler me vaksne oss på dei ulike områda og viser elevane til sitt området.

- Ved sjukdom må barn og ein vaksen (frå trinnet) gå vekk frå kohorten sin, kan vere lurt å gå ut. Ta på munnbind og avtal med føresette om henting ute.
 - Hallen, musikkrom, aula, kunst og handverk og mat og helse rom er stengt. Bibliotek er opent for dei vaksne.
 - Ved utegym kan ein ikkje bruka garderobane. Elevane kan evt kome i treningsklede og dusje heime.
 - Symjehallane er stengt.
 - Rutinar for utlån av bøker på bibliotek: Den vaksne i klassen kan lage bokkasse og ha i klasserommet. Bruk eingongshanskar. Bøkene kan returnerast til bibliotek etter dei har vore i «karantene» frå fredag til måndag.
 - Alle må vaske hendene når dei kjem på jobb og viss du kjem til ein «ny» kohort.
 - Desinfiser datamaskin/kopimaskin som fleire brukar. (står ved maskinane)
 - Personal møter føregår på teams.
 - Personalrommet bør ikkje brukast på rødt nivå. Miljøfolk kan bruke dette, men halde god avstand.
 - Har ikkje morgonmøter.
 - Tørke av bordet, der du har vore. Reingjeringsmiddel står på bordene på personalrommet.
-
- Me oppfordrar til at elevane ikkje bruker sykklar/sparkesyklar til og frå skulen. Dette for å unngå at det står sykklar/sparkesyklar på dei ulike områda. Syklar parkerast kohortvis.
 - Reglar for organisert idrett (NFF sine regler) gjeld ved bruk av t.d. fotballbanen. Vakt på området har ansvar for å følgje med at elevane held seg til reglane.

Saksbehandlar sine oppgåver:

- Samarbeider med melkeansvarleg lærar (eventuelt ATO oppgåve). Avtaler tid for levering med kontaktlærar.
- Har tilgjengeleg antibac, våtservietter og eingongshanskar.

Reinhald sine oppgåver:

- Forsterka reinhald, følgjer Time kommune sine prosedyrar.

Leiinga:

- Sikre opplæring av rutinar for handvask for tilsette. Alle tilsette må følgje smittvernreglane. Vask hendene når du kjem på skulen, etter alle friminutt og om byte av kohort.
- Plan og organisering av kohort.
- Sende oversikt over timer til kvar kohort/trinn. Alle trinn har fått timeplan tilsendt av rektor. Ved sjukdom vil personalet bli omdisponert innafor sin kohort.
- Dialog med tilsette og elevar som er i risikogruppe. Rektor følgjer opp dette.
- Dele opp uteareal.
- Følgjer vanleg timeplan/friminutt, men med ekstra vakthold slik at elevar opphalder seg i si sone.
- Sender ut informasjon til føresette med bl.a. informasjon om oppmøte, levering/henting.

Trinnet:

- Må tømme buss kvar dag (ikkje elevane)
- Opplæring av handvask og hoste for elevar
- Lage rutinar for uteskule, og opplæring av elevar.
- Rigge klasserom med god avstand (fjerne ringen). 1 meter mellom pultane.
- Koordinere / lage vaktliste for trinnet. Inndeling av område (sjå oppdatert vaktplan)
- Skrivesaker til kvar elev, må vere på pulten. Fargeblyantar må sprites viss dei lånar av kvarandre.
- I garderoben må eleven sine eigendelar (ekstraklede) i pose i hylla. Den må bli sendt heim kvar fredag.
- Elevane kan ikkje ha med eigne leiker til skulen (fotball og liknande.)
- Elevane må vere på sin kohort (sone).
- Kvar kohort kan ha faste samarbeidsgrupper ute og inne, 3-4 elevar.
- 2 kohorter kan samarbeide. Elevane kan vera ilag ute, ikkje inne.
- Lage ein plan for utgang og inngang til timane. Lage plan for garderoben.
- Lage plan for handvask, vaske hender ved morgon, før mat, før og etter kvart friminutt
- Bruk av utstyr ute. Vask av utsyr før eller etter bruk (eingongshanskar eller klut/våtserviettar).
- Elevane reingjer sin pult og stol før måltid.
- Reinhold vil byte ut klutane kvar dag. Vasker over kontaktflater som dørhandtak og toalett.
- Alle klasser vil få utdelt antibac, våtserviettar og eingongshanskar til bruk på uteskule.

For personalet:

- Alle må vaske hendene når dei kjem på jobb og når du kjem til ein «ny» kohort.
- Desinfiser datamaskin/kopimaskin som fleire brukar. (står ved maskinane)
- Kan sitte saman på personalmøtet, med minst 1 m avstand.
- Tørke av bordet, der du har vore. Våtserviett ligg på bordene på personalrommet.
- Ber om at ein nyttar arbeid – og personalrom minst mogleg. Ha gjerne heimekontor eller sitt på trinnområdet om det er mogleg.
- PU-tidene vil i hovudsak vera digitale.

SFO:

- SFO område brukas og gjer vask av overflate/handtak dagleg
- Maten vil bli servert som porsjonar av vaksne.
- Leiker som blir brukt, blir reingjort på slutten av dagen.
- SFO har opningstid frå kl. 07.15 – kl.16.00

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

Klasserom:

- 1.-7.trinn har i utgangspunktet sine eigne klasserom
- Dei blir henta i sonene av lærar og går puljevis inn til klasserommet

- Dei startar kvar time med handvask
- Dei vaskar pultane før og etter dei har ete, før dei tek friminutt, og ved dagens slutt.
- Elevane har eigne skrivesaker og låner ikkje ipad/bøker av kvarandre

Praktiske fag:

- Det er ok å ha faglærarar i praktiske fag. Dei følgjer smittevernreglane.
- Me vil ha kunst og handverk i klasseromma til elevane. Faglærar tek med det utstyret dei treng og reingjer det før eller etter bruk.
- Det er ok å ha mat og helse undervisning så lenge det berre er elevar frå same kohort og dei lager mat som er varmebehandla. Sjå s. 13 i smitterettleiar.
- Kunst og handverk og Mat og helse.
 - Kunst og handverk blir gjennomført klassevis i klasserommet.
 - Mat og helse – små grupper. Max 8 elevar slik at dei er to og to på kvar stasjon.
 - Då klarer ein halde avstand. Elevane kjem frå same kohort. All mat er varmebehandla.